



Pris: 10.-

BERGELIA - DØRVika

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Frå 1,5 til 3 timer avhengig av kor ein snur.

Passar for: Familietur

Parkering: Ved avkjørsla til Fosmark

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Det er mange fine rastepplassar innover langs Lysefjorden. Turen går på asfaltert veg med lite trafikk. Turen kan lett gjerast med barnevogn, og er ein fin sykkeltur.




Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Frå avkjørsla til Fosmark kan ein fylgja vegen innover langs Lysefjorden. Etter eit kort stykke passerar ein under den flotte Lysefjordbrua som blei opna i desember 1997.

Vidare innover går ein inn i eit område med nokre hytter og flott edellauvskog. Langs svaberget her kan det vera godt sjøaurefiske på våren. Mellom trea kan ein og skimta Bergsholmen, og litt lenger inne passerar ein dei gamle koparkisgruvene i Lastabotn. Om ein ynskjar å sjå nærrare på desse, må ein fyrst kontakta grunneigar.

Vidare kjem ein til Vika, der ein kan sjå over fruktatre til Hellaren. Kulturlandskapet ligg vakkert ned mot sjøen, medan vaksen furuskog står tjukk opp mot fjellet. Like over den neste bakketoppen kan ein sjå Dørvika nede i lia. Dei siste svingane er lette å gå og snart kan ein trå ut i sanden og skylja føtene i fjorden.

Historie og natur

Gruvene i Lastabotn blei opna på 1600-talet, men blei aldri særleg lønsame. I dag kan ein framleis finna spor etter drifta, og fleire stader kan ein sjå at berget er heilt grønt av all koparen i fjellet.

Frå Bergelia og ut til Dørvika passerar ein gjennom eit variert og veldig vakkert landskap. Her finn ein verdfull lauvskog med urskogpreg og eit rikt dyre- og planteliv. Ein finn gamal furuskog og frodige kulturlandskap.

Landskapet langs fjorden er fint, og fleire område er av stor verdi. Det finns mange fine steingardar og nokre gamle tufter spredt langs sjøen. Dette synar at det har vore godt å bu langs Lysefjorden i lange tider.

I Dørvika ligg den finaste badestranda i fjorden, og det er tilrettelagt for friluftsliv.



